

Årsplan 2013-2015 for Det samfunnsvitenskaplege fakultet

Vedteken av Fakultetsstyret 13. desember 2012

INNLEIING

Årsplanen er treårig og vert revidert årleg. Universitetsstyret sine overordna prioriteringar er styrande for prioriteringane på fakultets- og instituttnivå. Kvalitet i forskning og utdanning er den overordna målsettinga for fakultetet, og førande for alle andre tiltak og aktivitetar. Universitetsstyret har vedteke at *innovasjon* skal vere hovudprioriteringa i 2013, medan *grunnverdiar* og *tverrfagleg verksemd* er hovudprioriteringar i respektive 2014 og 2015.

Sentrale målsettingar for SV-fakultetet i 2013-2015 er:

- Auka internasjonalisering av forskning og utdanning
- Meir fagleg samarbeid internt ved fakultetet
- Gjennomgang og justering av prioriterte forskningssatsingar
- Utvikling av meir varierte undervisnings- og evalueringsformer
- Betre synleggjering av samfunnsvitenskapen si rolle når det gjeld å løyse globale utfordringar

Eit grensesprengande universitet

Mål 1: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal vere mellom dei beste samfunnsvitenskaplege fagmiljøa i Norden, og hevde seg sterkt i internasjonal samanheng.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal legge til rette for internasjonal utveksling, nettverksbygging og strategiske partnerskap med utvalde institusjonar og vere ein aktiv deltakar i European Research Area (ERA). Fakultetet skal bruke evalueringar og anna relevant statistisk materiale for å heve forskingskvaliteten.

Tiltak 1: Identifisere og utvikle lovande nye forskingsgrupper og -prosjekt

Vidareutvikle faglege prioriteringar og sette av sårknemidlar for å stimulere til forskingssamarbeid og prosjektutvikling på tvers av grunneiningane.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring:

Kartlegge faglege prioriteringar og vurdere korleis faglege prioriteringar best kan bidra til kvalitetsutvikling og fagleg fornying (2013)

Avsette sårknemidlar (NOK 300 000) i budsjettet for 2013 (tildelast etter søknad).

Ansvar: Dekan

Tiltak 2: Styrke vitenskapleg publisering.

Styringsdialogar, medarbeidarsamtalar og stimuleringsmidlar skal nyttast aktivt for å gjennomføre fakultetet sin publikasjonsstrategi.

Arbeide for å betre tilgang til forskingsresultat publisert av våre forskarar gjennom Open Access og institusjonell arkivering av alle fagfelleverderte artiklar i UiOs kunnskapsarkiv (DUO).

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring: Årlege skrivekurs og styrka informasjon til vitenskapleg tilsette om institusjonell arkivering

Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 3: Styrke kvaliteten på tverrfakultære satsingar og sikre at UiO:Energi får ein tydeleg samfunnsvitenskapleg profil

Sikre synergieffektar mellom forskinga ved fakultetet og **UiO:Energi** og andre tverrfakultære satsingar

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Sikre en god lokal fagleg forankring av UiOs energiinitiativ (UiOEI) ved fakultetet.

Følgje opp evalueringa av dei tverrfakultære satsingane (MILEN, DEMOKRATI, KULTRANS og PLUREL).

Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 4: Vere ein synleg og aktiv deltakar i European Research Area (ERA)

Støtte opp om deltaking i prosjekter finansiert av ERC og de tematiske programma i EUs rammeprogram for forskning.

Frist for gjennomføring: 2015

Årsplan 2013-2015 – Det samfunnsvitenskaplege fakultet

Milepelar for gjennomføring: Identifisere potensielle forskarar og forskingsgrupper ved fakultetet som har utsikter til å få finansiering frå Horizon2020
Sikre at to medarbeidarar frå fakultetet deltek i kurs om EU/EØS-kunnskap med vekt på forskingssamarbeidet i EU kvart år
Styrke administrativ støtte til søknadsutvikling til Horizon2020 (inkl. ERC) til forskarar som ønskjer det.
Styrke administrativ støtte til drift av eksternt finansierte forskingsprosjekt
Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 5: Styrke samarbeidet med gode internasjonale forskingsmiljø

Etablere og føre vidare relasjonar til gode utanlandske universitet. Fremje utanlandsopphald for aktive forskarar og ph.d. kandidatar

Frist for gjennomføring: 2015
Milepelar for gjennomføring: Avtalar med relevante institusjonar, til dømes Peder Sather Centre og Scancor
Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 6: Bidra til UiOs innovasjonssatsing.

Stimulere samfunnsvitenskapleg forskning og forskingsbasert undervisning om innovasjon og bidra til auka forståing av korleis innovasjon kan stimulerast innan føretak og offentleg sektor, og korleis innovasjonspolitikkar aukar innovasjonsaktivitet.

Frist for gjennomføring: 2014
Milepelar for gjennomføring: Gje administrativ støtte til søknadsutvikling av samfunnsvitenskaplege innovasjons-forskningsprosjekt.
Støtte utvikling av innovative undervisnings- og evalueringsformer i studieprogramma.
Ansvar: Dekan

Læringsuniversitetet

Mål 2: Det samfunnsvitskaplege fakultet skal utdanne høgt kvalifiserte kandidatar som er attraktive på arbeidsmarknaden og gje dei eit godt grunnlag for vidare utvikling som samfunnsmedlemmer og fagpersonar. Studiane våre skal være forskingsbaserte og utdanne for avanserte oppgåveløysingar innanfor eit vidt spekter av arbeidsområde og gje eit godt grunnlag for vidare forskaropplæring gjennom vektlegging av teori og metodar.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal vere i dialog med relevante aktørar i arbeidslivet om kompetansebehovet og arbeide for å betre kandidatane si formidling av eigen kompetanse etter fullført utdanningsløp.

Forskarutdanning er eit av fakultetet sine samfunnsoppdrag og viktig også for framtidig rekruttering. Tettare oppfølging og integrering i fagmiljøet vil framleis vere viktige tiltak for å styrke kvaliteten i forskarutdanninga.

Tiltak 7: Internasjonalisering av studiane ved fakultetet.

Gjere emnetilbodet meir føreseieleg for innreisande studentar og bidra til internasjonalisering heime for studentar som ikkje reiser ut. Arbeide for minimum 30 SP engelskspråklege emne på alle bachelorprogram der dette er praktisk mogleg - dvs. tilsvarande eit heilt «internasjonalt semester». Arbeide for at også obligatoriske emne skal gjevast på engelsk.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring: Forum for studiespørsmål 2012, 2013

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 8: Utvikle betre styringsdata som grunnlag for studietiltak

Gjere analysar av årsaker til fråfall og lav studiepoengproduksjon innan ulike studieprogram for å kunne sette i verk effektive tiltak. Vurdere ordning med årleg midtvegsrapportering frå studentar på bachelorprogram..

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Nedsette ei arbeidsgruppe på fakultetet som vurderer tilgjengeleg statistisk materiale (FS, DBH, Bok-kula).

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 9: Evaluere og justere PLUSS.

Vurdere ressursbruken på tilbodet i høve til vinst. I samarbeid med PSI og Studenthelsetenesten prøve ut eit nytt psykososialt rettleiingstilbod som kan føre til betre studiemiljø og redusere fråfall for bachelorstudentar.

Frist for gjennomføring: 2013

Ansvar: Studiedekan/fakultetsdirektør

Tiltak 10: Etablere EVU-tilbod og vidareutvikle alumniordningar

Etablere strukturar som gjere det lettare å tilby etter- og vidareutdanningstilbod ved fakultetet. Vurdere kva for målgrupper og tilbod som vil kunne vere mest relevante og korleis nå ut. Vidareutvikling av alumniordninga. Vurdere nytt EVU-tilbod: «Global Governance»

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring: Vurdere ein marknadsanalyse av behovet for EVU. Kva gode og dårlege erfaringar er gjorde ved fakultetet? Prioritere tilbod retta mot forvaltinga?

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 11: Utvikle meir varierte undervisnings- og evalueringsmetodar

Vurdere bruk av til dømes sosiale media, elektroniske verkty, munnlege presentasjonar med tilbakemeldingar, og fleirvalsprøver på ein måte som støttar opp under læringsmåla og hevar studiekvaliteten på programma.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Forumseminar november 2012. Fakultetet set av NOK 100 000 i budsjettet for 2013 og lyser ut midlar til fagmiljø for å prøve ut nye eller meir varierte vurderingsformer.

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 12: Intern gjennomgang av emneporteføljen på alle studieprogram

Gjennomgangen med utgangspunkt i at kunnskaps- og ferdigheitskrav, som pensum omfang og evalueringsformer, skal være tilstrekkeleg utfordrande for studentane.

Frist for gjennomføring: 2014/2015

Milepelar for gjennomføring: Workshop med systematisk gjennomgang av emneporteføljen på alle studieprogramma.

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 13: Arbeide for en integrert mastergrad i samfunnsvitenskap under Lektorprogrammet (LeP)

Halde fram dialogen med Institutt for lærarutdanning og skoleforskning (ILS) ved Det utdanningsvitenskaplege fakultet for å få avklart ressursgrunnlaget for den integrerte mastergraden i samfunnsvitenskap under Lektorprogrammet (LeP).

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring: Møter/komitéarbeid med UV-fak/ILS.

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 14: Utvikle ei eittårig påbygging til utanlandske eitt-årige mastergradar

Dette vil verte ei *de facto* fellesgrad som gjev ein fullverdig (2-årig) mastergrad, og grunnlag for opptak til ph.d.-programma ved fakultetet. Påbygginga kan også brukast som EVU for samfunnsforskarar.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring: Nedsette ei arbeidsgruppe som vurderer behovet for påbyggingsstudiar nærare, og korleis dette kan gjerast innanfor aktuelle masterprogram.

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 15: Utvikle strukturen på ph.d.-programmet for å betre kvaliteten og auke gjennomstrøyminga.

Vurdere å legge grunnleggande kurs på ph.d.-utdanninga inn i masterprogramma (forskarlinje).

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring: Revisjon av ph.d.-studieplanar ved eitt eller fleire fag for å oppnå ein viss integrasjon i master- og ph.d.-utdanninga.

Tilbod av strukturerte, felles kurs for ph.d.-kandidatane, anten

Årsplan 2013-2015 – Det samfunnsvitenskaplege fakultet

sentralt på UiO eller ved fakultetet, t.d. om populærvitenskapleg formidling.
Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 16: Vidareføre arbeidet med nasjonal samordning av en PhD-emneportal

Arbeide for nasjonal samordning av ph.d.-emne i samfunnsvitenskap og vedlikehalde felles nasjonal emneportal i samarbeid med Universitets- og høgskolerådet og Det nasjonale fakultetsmøtet for samfunnsvitenskaplege fag. Eventuelt vurdere nasjonale forskarskular.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Alle nasjonale ph.d. kurs finnast i portalen

Ansvar: Forskingsdekan

Eit samfunnsengasjert universitet

Mål 3: Dei globale samfunnsutfordringane, som t.d. klima, miljø, energi, helse, migrasjon, aldring, fattigdom og sikkerheit, kan ikkje løysast utan samfunnsvitenskapleg forskning. Fakultetet skal vere ein naturleg strategisk partner i alle større tverrfaglege forskingssatsingar og bidra med samfunnsvitenskaplege perspektiv på globale utfordringar.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal arbeide systematisk med profilering og formidling, både internt og eksternt. Fakultetet skal ta initiativ og nytte seg av dei høve som byr seg til synleggjering, til dømes Forskingsdagane, Eilert Sundt-forelesinga, og 50-årsjubileet. Fakultetet skal halde fram med forskningsbasert formidling og pro filering av forskning på eigne nettsider.

Tiltak 17: Synleggjere SV-fakultetet og samfunnsvitenskapleg forskning

Nominere SV-tilsette til prisar og utmerkingar. Satse på arrangement som profilerer fakultetet på ein god måte (t.d. Sentralbanksjefens tale til studentane). Bidra med innspel til policy-dokument ved UiO og nasjonalt.

Frist: 2015

Ansvar: Dekan

Tiltak 18: Gjennomføre SV-fakultetet sitt 50-årsjubileum i 2013.

Markeringa finn stad 2.- 6. september 2013. Utarbeide program for jubileumsveka og produsere fotobok med bilete frå dei 50 åra fakultetet har eksistert.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: 1,5 million er sett av i budsjettet for 2013

Ansvar: Dekan

Tiltak 19: Sikre betre kjønnsbalanse og kulturelt mangfald ved studieprogramma.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring: Ein arbeidsgruppe er nedsett av rektor hausten 2012 for å sjå på moglege tiltak for å rekruttere fleire menn til profesjonsprogrammet i psykologi.

Dra på skulebesøk til utvalde skular med høg minoritetsandel i Oslo-regionen

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 20: Betre websider på engelsk

Frist for gjennomføring: 2013

Milepæl: Alle nettsider om ph.d.-utdanninga er tilgjengelige på engelsk

Ansvar: Fakultetsdirektør

Eit handlekraftig universitet

Mål 4: Det samfunnsvitskaplege fakultet skal forvalte sine samla ressursar slik at dei bidreg til at fakultetet utviklar robuste forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet..

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal arbeide for å sikre eksternt finansiering som bidreg positivt til å styrke forskning på prioriterte område ved grunneiningane. Fakultetet skal støtte opp under innovasjonsinitiativ retta mot næringsliv, offentleg forvaltning og friviljug sektor.

Tiltak 21: Utvikle betre styringsverktøy for eksternt finansierte prosjekt

Bidra til utvikling av verktøy som sikrar god økonomistyring av eksterne prosjekt og syte for god kvalitet i budsjettgrunnlag og gode styringsrapportar til prosjektleiar og instituttleiarar.

Frist: 2014

Milepæl: Kartlegge fakultetet sitt behov for ressursstyringsverktøy. Fakultetet deltek i pilot saman med to andre fakultet frå oktober 2012. Følgje opp med mellombelse tiltak inntil system for prosjektstyring er valt og teke i bruk.

Ansvar: Fakultetsdirektør / økonomileiar

Tiltak 22: Etablere ny IT-seksjon ved fakultetet

Frist: 2013

Milepæl: Ny seksjonssjef for IT-seksjonen 1.1.2013. Evaluering i løpet av 2014.

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 23: Vidareutvikle ressursstyringsverktøy

Vidareføring og oppfølging av AURA som reiskap for ressursstyring av undervisning. Kartelegge og vurdere tiltak for å sikre nedbygging av timeoverskot ved grunneiningane.

Frist: 2013

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 24: Følgje opp tiltaksplanar under prosjektet «Internt handlingsrom»

Følgje opp tiltaksplanar under «Internt handlingsrom» om fordeling av roller og ansvar mellom administrative nivå og sikre effektiv ressursbruk og frigjering av ressursar til primærverksemda.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepæl: Fellesseminar for teknisk/administrative tilsette i 2013.

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 25: Oppdatere langsiktige bemanningsplanar

Dei langsiktige bemanningsplanane ved alle einingane skal vere oppdaterte og tilgjengelege for alle tilsette. Planane skal bidra til at fakultetet har god økonomi- og ressursstyring, ein aktiv rekrutteringspolitikk med internasjonalt fokus og ein tydelig profil for likestilling mellom kvinner og menn.

Frist: 2013

Ansvar: Dekan

Tiltak 26: Forenkle administrering av studieprogram

Gjennomgang og forenkling av administrasjonsreglementet med tanke på å avklare fordeling av roller og ansvar for studieprogramma.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring:

Ansvar: Studiedekan

Det gode universitetet

Mål 5: Fakultetet skal ha attraktive og konkurransedyktige fagmiljø med godt arbeidsmiljø for studentar og tilsette. Arbeidsmiljøet skal vere kjenneteikna av likeverd og respekt, engasjement og deltaking.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal styrke leiing og avklare forventningar til leiarskap. Fakultetet ha ein målretta og effektiv ressursbruk og arbeide for hensiktsmessig og rasjonell arbeidsdeling mellom grunneiningar og mellom grunneiningar og fakultet.

Tiltak 29: Alle tilsette skal ha tilbod om personleg og fagleg utvikling.

Behovet for kompetanseutvikling skal vere tema i medarbeidersamtalar og det skal utviklast eit tilbod tilpassa behov og tilgjengelege ressursar (jf. UiO Årsplan). Eksisterande tilbod: Utdanningsledelse og Forskingsleiarprogrammet ved UiO.

Frist for gjennomføring: 2013

Ansvar: Dekan

Tiltak 30: Gjennomføre leiaropplæringsprogram for instituttleiarar

I samarbeid med JUS skal fakultetet gjennomføre ei leiarprogram for institutt- og fakultetsleiing vår/haust 2013

Frist for gjennomføring: 2013

Milepel: Første samling vart gjennomført i november 2012. Det skal haldast tre samlingar til i løpet av 2013 i januar, februar og oktober.

Ansvar: Dekan

Tiltak 31: Sikre pedagogisk basiskompetanse hos alle vitenskaplege tilsette

Følgje opp og sikre at alle vitenskaplege tilsette oppfyller krava til pedagogisk basiskompetanse. Tilby kurs på engelsk tilpassa tilsette med ikkje-nordisk språkbakgrunn og vurdere kortare kurs tilpassa mellombelse tilsette (stipendiatar og postdoktorar).

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Fagområdet for universitetspedagogikk har øyremerkte ressursar til samarbeid med SV-fakultetet

Ansvar: Dekan

Tiltak 32: Følgje opp fakultetet sin handlingsplan for likestilling for perioden 2012-2020.

Frist: 2014

Ansvar: Dekan, Likestillingsutval (instituttleiarmøtet)

Tiltak 33: Vidareføre konkrete tiltak som kan bidra til Grønt UiO.

Innkjøp av lese Brett til tilsettingsråd og fakultetsstyre. Vurdere bygging av møterom for videokonferansar.

Frist for gjennomføring: 2015

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 34: Sikre eit forsvarleg forskings- og læringsmiljø for tilsette og studentar.

Betre det fysiske læringsmiljøet, sikre branntryggleik og gje alle studentar lik tilgang til læringsressursar (universell utforming) gjennom ombygging av 2., 3. og 4. etasje i Eilert Sundts hus. Følgje opp plan for disponering av areal utarbeidd i 2012.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepæl: Ombygging av 2.3., 4. etasje ES skjer hausten 2013

Ansvar: Fakultetsdirektør

Vedlegg: Tabellar

- 1. Resultatindikatorar (2006 – 2011) med ambisjonar for 2014**
- 2. Grunnlagsdata for resultatindikatorane (2006-2011) med ambisjonar for 2014**

Resultatindikatorer med ambisjonar	Resultat						Ambisjonar	
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2015	
Nye studiepoeng per heltidsekivalent <small>Tall fra notat som grunnlag for diskusjon i plandialog 23.9.2011</small>	35,6	39,4	38,1	36,4	38,3	42,5	43	
Gj.snittlig gj.føringstid ph.d.-kandidater		4,1	4,5	4,3	4	3,8	3,5	
Studentmobilitet - Andel utvekslingsstudenter av tot andel stud	5,60 %	6,90 %	8,00 %	7,90 %	9,30 %	8,80 %	9,0 %	
Publikasjonspoeng pr vit. årsverk <small>UiOs ambisjon 2014: 1,3</small>	1,02	1,16	1,15	1,46	1,52	1,59	1,7	
EU-tildeling - volum i tusen. <small>UiOs ambisjon 2014: 90% vekst av gisn siste 3 år</small>	3 117	3 338	2 725	1 962	5 569	2 080	12 000	
NFR-tildeling - volum i tusen. <small>UiOs ambisjon 2014: 7% vekst av gisn siste 3 år</small>	36 875	53 731	51 465	60 572	46 652	48 815	60 000	
Grunnlagsdata for resultatindikatorane	Resultat						Ambisjonar	
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2015	
Antall publikasjonspoeng. <small>UiOs ambisjon 10% vekst</small>	320,5	374,4	412,7	469,8	476,9	510,4	595	
Antall vit.årsverk inkl. stipendiater	314	324	359	322	314	317	350	
Antall utvekslingsstudenter. <small>UiOs ambisjon: 10,5% av tot ant studenter</small>	358	387	436	447	514	469	520	
Antall nye studiepoeng	3 578	3 523	3 347	3 355	3 270	3 213	3 200	
Antall heltidsekvalenter (høsttall)	6 381	5 581	5 421	5 659	5 213	4 590	4 800	